# Høyringsuttale (KF-340)

Referansenummer: MQUWTN

Registrert dato: 20.08.2020 22:06:53

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

◉ Personleg

○ På vegner av føretak/lag/foreining

### Opplysningar om innsendaren


Førenamn

Øyvind

Etternamn

Vatshelle

Adresse

Erstadvegen 113

| Postnummer | Poststad |
| --- | --- |
| 5911 | ALVERSUND |

Telefon

94796535

E-post

oyvindvatshelle@yahoo.no


## Høyringsuttale

### Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

○ Detaljregulering for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustader i Knarvik

◉ Detaljregulering for Framo Flatøy AS

○ Områdeplan Knarvik - Endring

Uttale

Håøy har som omtalt i planen svært stor verdi for friluftsliv mm, og er mykje brukt til tur, bading, båtliv og anna friluftsliv. Som aktiv brukar av Håøy ber eg om at det blir gjort avbøtande tiltak som reduserer dei negative påverknadene tiltaket gir for bruken av Håøy. Eit forslag kan vere at det blir etablert ein smal sone med grønt /tre, mellom industriområde og sjø. På den måten kan utsikten til planområdet frå Håøy bli meir prega av natur, og gå meir i eitt med omgjevnadane, heller enn eit industriområde i stor kontrast til kva ein ser på begge sidene, inkludert holmane utanfor. Ein får då ein betre oppleving når ein er på Håøy. Dette vil vere viktig for friluftsliv og landskapsoppleving. Eit slikt avbøtande tiltak vil òg vere positivt for bruk av sjøen i nærområdet, til kajakk og småbåtar. Det er viktig å ta vare på verdiane området har i dag for friluftsliv til sjøs. Eit smalt felt med grønt treng ikkje å ta mykje areal ved industriområdet, og kan bli laga slik at det krev lite ressursar å halde ved like.

Eg meiner òg at tiltaket må bli endra meir, slik at det gir mindre negativ konsekvens for sjøfugl på Gudmundsholmen. Dette kan gjerne innebere større avstand til Gudmundsholmen. Ein må vurdere kva endringar som vil gi effekt, så ein ikkje gjer skade på sjøfuglbestand.